



Alexander Helle
Fureskjeggvegen 71
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1367 - 18/15942

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
25.07.2018


Godkjenning av statstilskot til grøfting på GBNR 40/7 Furuskjegget

Administrativt vedtak. Saknr: 188/2018

Saksutgreiing:

Alexander Helle med føretak 912 700 356 har 22.05.18 søkt om tilskot til grøfting på GBNR 40/7. Han driv eit gardsbruk på Ådland og har nyleg kjøpt bruket på Furuskjegget og busett seg der. Planlagt drift er sauehald. Eigedomen er eit småbruk som ikkje har hatt drift på 30-50 år, og eldre kistegrøfter og steingrøfter er tette slik at delar av det dyrkbare arealet står under vatn. Det er naudsynt med grøfting for å setja innmarksarealet i stand att, og leggja til rette for nytt og større beiteareal.

Det er levert kart, grøfteplan og miljøvurdering med søknaden.



Søknaden har vore sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene 18.06.2018, men det er p.r. dato ikkje komen noko svar.

Vurdering

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne betre utnytting av gjødsel og dermed bidra til mindre avrenning av næringssalt og redusert utslepp av klimagassar. For søkjær medfører tiltaket lettare arbeidstilhøve, og meir avling gjev betre økonomi. Tiltaket vil ha positiv effekt på dreneringstilstand på nabobruket då det er planlagt å ta ei grøft i nabogrensa. Bruket har mange kulturlandskapskvalitetar i form av bygningar og murar, og det er difor positivt at areala og vert sett i stand slik at landskapet kan framstå som ein heilskap.

Berekning av tilskot

Det er søkt om tilskot til 170 meter avskjeringsgrøfter og 195 daa usystematisk grøfting, tilsaman 365 meter 'a kr 30/lm grøft. Sum tilskot vert 10 950,- Arealet som vert omfatta av grøftinga er om lag 6 daa.

Kulturminne

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen, men det er ikkje komen svar. Søkjær oppgjer i si miljøvurdering at det ikkje er kjende kulturminne på arealet som skal drenerast. Kommunen har søkt i tilgjengelege databasar for kulturminne og ikkje funne at det er noko konflikt mellom den planlagt grøftinga og kulturminnelova.

Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd . Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

Grøftinga er difor ikkje vurdert å vera i konflikt med kulturminnelova, men ein må ta omsyn til steingardar m.m. under arbeidet.

Naturmangfaldlova.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar , som kjem i konflikt med dreneringa. Ut frå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar dreneringa kan ha for naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader som auka fare for flom eller ureining av vatn.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i samband med dreneringa skal utførast mest mogleg varsamt om med omsyn til terrenge og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gjer lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige natur- og kulturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 10 950,- i statstilskot i grøftinga.

Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 10 950,- i statstilskot til inntil 365 meter grøfting på GBNR 40/7 til Alexander Helle med føretak 912 700 356 i tråd med søknad motteke 22.05.18. Vedtaket har heimel i forskrift om drenering av jordbruksjord §§3-5 (av 25.juni 2013) jf § 18 i jordlova, forskrift om produksjonstilskot § 4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arbeidsfrist er sett til 15.08.2021

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regional kulturminneforvaltning kontaktast.

Kommunen skal godkjenna arbeidet, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig. Minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbruksjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord GBNR 40/7
E-postmelding - Søknad om tilskot til drenering, GBNR 40/7
Grøfteplan GBNR 40/7
Vedlegg til søknad - Plan for drenering GBNR 40/7
Vedlegg til søknad - Miljøvurdering av drenering GBNR 40/7

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Alexander Helle

Fureskjeggvegen 5918
71

FREKHAUG